



Vest Politidistrikt  
pb 285 Sentrum  
5804 BERGEN

**ArkivsakID:**  
16/442

**JournalID:**  
16/2625

**Arkivkode:**  
K2 - X30

**Dato:**  
09.09.2016

## **INNSPEL TIL PROSJEKTGRUPPA I SAMBAND MED NÆRPOLITIREFORMA**

Eg oversender med dette innspel frå Solund gjeldande ny organisering i samband med politireform. Innspela er også formidla gjennom regionrådsleiar i prosjektgruppemøte den 5.sept. Våre innspel er eit supplement til innspela frå HAFsamarbeidet.

### **Nokre fakta:**

- Solund var tidlegare eige lensmannsdistrikt med to polititenestemenn.
- I dag er vi ein del av Gulen, Masfjorden og Solund lensmannsdistrikt med 9 tilsette, av desse 2 sivile. Ingen av desse er busette i Solund.
- Oppmøtestad for politiet er Duesund i Masfjorden. Det tek om lag 45 min å køyre med bil til Rutledal, 35 min med ferje og 25 min frå Krakhella til Hardbakke. Til ytre og nordre delar av kommunen lengre.
- Det er bemanna kontor i Solund kvar måndag. Kontoret ligg i Solund Næringsbygg på Hardbakke.

### **Fylgjande moment er viktige for Solund:**

- At politiet kjenner området og at innbyggjarane «kjenner» politiet.
- At innbyggjarane får raskast mogleg hjelp når det skjer hendingar.
- Det må vere ein kontorstad i kommunen som kan fungere som ein arbeidsstad, og der ein kan møte brukarar.
- At det er tett dialog mellom politiet og andre som har ei viktig rolle i den lokale beredskapen, t.d. kommuneleiving, brann, Helse Førde.
- Det er godt innarbeidde rutinar når det gjeld transport i samarbeid med utrykking.

Solund har mange øyer og svært spreidd busetnad, og det må vere ein plan på korleis ein kan nå heile området ved ei krise. Bruk av båt vil nesten alltid vere viktig her, og det vil truleg vere viktig med eit samarbeid med lokale skyssbåtar så lenge politibåten er stasjonert i Bergen.

- Det førebyggjande arbeidet fungerer og at ein kan ha eit tett og planlagt samarbeid med politiet om dette.

#### **Kva er best organisering i framtida?**

- Solund er invitert inn i eit samarbeid med Hyllestad, Fjaler og Askvoll, men er i dag i eit samarbeid med Gulen og Masfjorden.
- Begge modellane vil medføre oppmøtestad på fastlandet, og ferje og båt vil vere naudsynt ved utrykking.
- Det er viktig for oss at det vert gjort ei vurdering av begge modellane, der nærleik og responstid til ulike delar av kommunen vert vurdert i tillegg til kvalitet på andre tenester.
- Det må takast omsyn til at Solund er ein rein øykommune og at mange hendingar skjer i tilknytning til sjø.
- Solund er open for å vurdere begge modellane, men ynskjer ein dialog med politiet om kva som er den best tenlege løysinga.

Med helsing

Gunn Åmdal Mongstad  
ordfører